

Revisjonsmelding, rekneskapet for Bjørgvin KFUK-KFUM speidarar.

Rekneskapet er gjennomgått. Det er ført etter god rekneskapsskikk og gir eit alt vesentleg korrekt bilete av laget sin økonomiske situasjon. Vedlagt er ei samling kommentarar til rekneskapet. Spesielt tykkjest to postar å vera feil og det vil endra sluttala litt. Eg antar at kasserar vil kunna leggja fram eit revidert rekneskap som tek omsyn til desse to postane og eg kan tilrå at rekneskapet då blir godkjent utan ny revisjon.

Bergen 26. februar 2014



Torleiv Kløve

Kommentarar til postar som tykkjest å måtta endrast.

Bilag 282 (Betaling, Vandrersfilmnatt, Eidsvåg, 26.27/10 2013)

Eg forstår bilaget slik at det er $37-8+1=30$ som har betalt 50 kroner kvar. Dette burde bli 1500 kroner, ikkje 2000 som rekneskapsført.

Bilag 448 (Nullstille UB for krav som ikke skal purres)

Det er rimeleg at ein har valgt å nullstilla desse gamle krava. Eg går ut ifrå at styret har vedtatt å ta dette tapet, men det er ikkje vedlegg som syner dette.

Ein tilleggskommentarar til denne saka:

- For Alversund (post 10) er det krinsen som skuldar penger, kr. 2900. Alversund har såleis eit krav til krinsen i fylgje rekneskapet. Om rekneskapet er rett her, så kan vel ikkje krinsen vedta å ikkje refundera dette. Skal det avskrivast må vel Alversund vedta dette (eller i det minste godta det).

Andre kommentarar til einskildpostar

Bilag 42

Kvittering for deltakaravgift, kr. 580, manglar.

Bilag 325

Innbetalinga av kontingent frå Loddefjord, kr. 6725, er gjort til arrangementkontoen (77002), ikkje brukskontoen (76995). Om det er viktig å ha oversyn over reelt innhald på dei to kontoane i balanserekneskapet burde ein overføra kr. 6725 frå 77002 til 76995.

Bilag 372

Dette gjeld tilbakebetaling p.g.a. dobbel betaling. Her burde vera referanse til postane med innbetalingane.

Bilag 406

Det ville vera ryddigare å dela rekninga i to rekningar sidan det gjeld to heilt ulike ting. For reisa til London burde det vera informasjon om kva turen gjeld, "personaltur" er vel knapt.

Bilag 439

Kasseraren har peika på at det er feilført passasjerkilometer. På den andre sida var det brukt gamle satsar. Netto betyr det at det er utbetalt kr. 13.90 feil og kasseraren har valgt å sjå bort frå dette; det er ok. Eg vil elles peika på at turen Fyllingsdalen-Mjølfjell er ført opp som 182 km. Direkte rute Fyllingsdalen-Mjølfjell er omlag 140 km og det er ikkje gjort greie for dei ekstra 42 km som er ført opp. Det ser ut som det er utbetalt kr. 100 for mykje.

Bilag 440

Her er også gamle satsar brukt, noko som har gitt kr. 46.60 for lite utbetalt..

Bilag 450?

Post 450 (forsikringspremie) har ikkje bilag.